

ÅRSMELDING UL NYBROT 2017



Ungdomshuset Dalheim

28. januar 2018

Styret 2017

Leiar: Marit Træland

Nestleiar og kasserar: Arne Olav Halland

Skrivar: Gunn Berit W. Berg

Styremedlem: Roger Fjellsbø

Styremedlem: Torill T. Steine

Styremedlem: Thor Arne Robertsen


Styremedlem: Anders Konglevoll

Styremedlem: Kristian Konglevoll

Pubansvarlig: Åsmund Steine

Nemdsansvarlige: Kristine H. Stråtveit, Espen Spjell, Solveig

Møller Vabø



Ungdomslaget Nybrot har hatt 7 styremøter i inneverande år. Me har handsama 41 saker, herunder samlesak «aksjonsliste» som har vore ei levande oversikt over fleire pågåande saker.

Det er gjenoppretta dugnadsnemder, noko me ser er ei god ordning.

UL Nybrot har 18 medlemmer som også er medlem i Noregs Ungdomslag (NU), og i underkant av 50 støttemedlemmer. Alle som sit i styret er medlemmer i NU.

Me har hatt 36 utleiger, m.a. 1 bryllup over fleire dagar der me stod for all organisering, koking og servering. Dette var ei positiv erfaring. Talet på utleiger heldt seg stabilt pluss/minus 40 pr år.

Det har vore 7 pubkveldar, 1 har vorte avlyst. Me ser at dette talet gjerne er litt høgt, så i 2018 vil det verte 5 pubkveldar.

Den trufaste raspeballgjengen vår har jobba jamnt og trutt også i 2017. Dei har laga til 8 raspeballkafear året gjennom. Gjestetalet har gått litt ned dei sista gongane, men til gjengjeld har dei levert ein del middagar til skiftarbeidande ved Statoil Mongstad.

For 2. gong vart det skipa til «vi over 60»-fest i februar, med raspeballgjengen på kjøkkenet og hjelp av Skodvin Skuleusikk til servering. På denne måten delte ungdomslaget og skulemusikken på dugnadsinntektene frå festen. Me vonar at dette kan gjentakast.

Juletreffesten for born er fom 2017 overteke av bedehuset (ref årsmøte-framlegg ifjor).



Av andre faste tilstellingar er Nybrotmarsjen og Julemessa. Nybrotmarsjen gjekk av stabelen den 27.august. Me hadde med oss Lindås Brass som deltok med «Korps i friluft» ; eit sponsorprosjekt støtta av Gjensidigestiftelsen. Desverre var det få av dei som åt middag etterpå☺



God stemning og flott ver før avgang



Asbjørn med saft og buljong er eit trufast innslag



Roger og Arne Olav har dreisen på kjøttkakene

Julemessa var avvikla på tradisjonelt vis. Pinnekjøtt og utstillarar, tombola og vafler. Me valde å kjøpe pannesider som premiar på loddbøkene og gjorde oss nokre erfaringar med det. Tilbakemeldingar frå publikum var gode og det var mykje folk heile dagen. God mat og koseleg stemning med gløgg og pepperkaker på trappa og kafe på scenen.



Prosjekt


Det vert stadig utført forbedringsarbeid på, i eller utafør ungdomshuset. Dette er naudsynt vedlikehald og oppgradering av større og mindre slag.

I heile **februar** var peisestova stengt for **byte av kjøkken og nedvask av stova**. Det gamle kjøkkenet var nedslitt, utriveleg og lite funksjonelt. Ein god gjeng stod på og fekk skikk på både tømring, elektrisk og vvs. Nytt kjøkken er installert og det er no mykje kjekkareå leige ut peisestova til barnedåpar og andre festlege høve.



Det gamle kjøkkenet






1. Alt flatpakka....
2. Alt utpakka!
3. Nytt golv og plater rundt skorsteinen
4. Roger & Christian i arbeid
5. Nærmar seg ferdig...





Utsnitt av trinna



I mars var det **trappa i hovedinngangen** som fekk seg ei etterlengta overhaling. Til denne jobben leigde me inn Atle Rød, som gjorde ein framifrå jobb med å legge skifer i den.

Det er også lagt nye varmekabler i trappa. Desse har vore i bruk denne vinteren og fungerer som dei skal.

Pynta til 17.mai



I april og mai hadde me ein stor-jobb med å **vaske og male ungdomshuset utvendig**. Dette var eit prosjekt som med god tilrettelegging og god planlegging (og godt ver) vart gjennomført med svært godt resultat. Me har fått tilbakemeldingar på at fargen kledde huset godt og at huset no passar bedre inn i omgjevnadene. Det gjenstår å klargjere og male resten av veggane på aust, sør og vest. Dette er arbeid me tar sikte på å få gjort i løpet av våren 2018.



Tore i kalvekassen og Kjell Anders henter meir maling



Atle på vei opp til arka medan Espen bytter hjørnekjoler






Arne Olav i stillaset på aust



Torill i høyden, AO er hms-sjef



Sårt tiltrengt lakking av rekkverket



Menneske og maskiner i sving



Magnus Andre flikkar flaggstanga



Dalheim i all si nymalte prakt



Matpausane og det sosiale er viktig!



Fantastisk kjekt å jobbe ilag mot felles mål!



I tillegg til desse større tiltaka er det også utført mange små, men viktige forbetringar. Me har kjøpt nye varmpumper i gamlesal og storesal. Dette er det Hjelmås VVS som har stått for. Det har også vore gjort innandørs malearbeid , og her er det rikeleg med nye prosjekt. Det er sveist nye bukkar/understell til flakeborda, og det er montert nye bokstavar og tal (**DALHEIM 1931**) i rustfritt stål på veggen over gamle inngangen. Desse er også lakkert med bengalakk.

Det er mottatt kulturmidlar frå Lindås Kommune, både investeringstilskot og driftsmidlar. Dette er gode pengar for oss, og me er glade for at kommunen ser verdien av å ha eit velfungerande samfunnshus i bygda.

Det er lagt ned mykje arbeid i å lage ein lettfatteleg og oversiktleg oppsett av rekneskapen, og det excel-baserte systemet me har hatt dei siste åra fungerer no godt. Ungdomslaget Nybrot har i 2017 etablert Vipps-betaling for organisasjonar, og saman med kortautomaten vår er me no godt skodd for å kunne ta imot kontantlaus betaling ved ulike tilstellingar, loddsal, kiosk med meir.

Andre økonomiske endringar vil gå fram av rekneskapen som me skal sjå på seinare i årsmøtet, men ei sak lyt trekkast spesielt fram. Takka vere vår årvåkne kasserar med elektrofagleg kompetanse, har ungdomslaget i inneverande driftsår spara mange tusen kroner på straumutgiftene. Det vil seie at me no betaler om lag 1/3 mindre i straum enn me gjorde før.

Forklaringa er følgande:




BKK har ein praksis der ein - når ein har hovudsikring større enn (eller lik) 125A i tillegg til «vanleg» nettleige – også betaler eit effektledd basert på det høgaste enkeltuttaket pr mnd. Dette avdi ein lyt dimensjonere linjenettet for desse toppane. Hjøå oss var det slik at me aldri ilar siste 5 åra har hatt bruk for desse 160 A som hovudsikringa vår var. Så ved å skru ned sikringa til 124,9 A sparer me då omlag 25 000,- kr pr år.

Dette var teke opp med straumleverandøren, BKK, utan at dei ville vedgå at ei slik overdimensjonering av sikringsinntaket kunne vere tilfelle for mange småforbrukarar som t.d. lagshus og mindre verksemder. Det endte med at Bergens Tidende vart kontakta og ville gjerne skrive om dette. Då var snøballen byrja og rulle og det var ingenting anna å gjere enn å henge med.

Den 29. mars 2017 var det fleire enn kasseraren underteikna som fekk eit ørlite sjokk då dei fekk sjå førsteside-oppslaget i BT..



BKK på si side ville sjølvsagt vende dette over på kunden, noko dei kanskje også kan ha rett i; det er kunden sitt ansvar å sette seg inn i avtalevilkår. Men ein skal ha meir enn alminneleg kompetanse på dette området dersom ein skal kunne oppdage denne tekniske finessen. Og uansett meiner me at BKK har eit etisk ansvar for å rettleie kunden til å velge den mest kostnadseffektive løysinga innanfor dei behov kunden har.



Ungdomslaget Nybrot og det sitjande styret ynskjer å takke kvar og ein som har bidrege med store og små tenester gjennom året. Me er avhengige av gode støttespelarar for å kunne drive laget og ikkje minst huset Dalheim. Me har godt samarbeid med Siri og dei andre på Joker Hundvin Handel og me har eit godt omdømme ute hjå folk. Me veit også at me alltid kan forbedre oss på alle områder, og me tek i så måte imot innspel med takk.

Me er heldige og har ein stabil økonomi i ungdomslaget. Dette gjev oss høve til å oppgradere og vedlikehalde huset etter tid og evne, slik at det framstår som attraktivt og velfungerande for dei som nyttar huset. Det er «alltid noko som skulle vore gjort», og planane for driftsåret 2018 er heller ikkje fri for nye prosjekt. Slik me ser det er pengar me brukar på huset ei god investering i den forstand at det då vert attraktivt for utleige – noko som igjen sikrar naudsynte inntekter for oss.

Me brukar mykje ressursar på dette samt dei faste tilstellingane våre. Det har vore lite rom for nytenking då dette er noko som krev friske krefter og kreativitet over tid. Dersom nokon har framlegg til aktivitetar som kan setjast i gang i regi av ungdomslaget, så set me pris på å få høyre om det.

Takk for alt godt arbeid i 2017!

